

Biblioteklandskap for ei ny tid

Tekst: Ruth Ørnholt og Elin Golten, Hordaland fylkesbibliotek

Prosjektet Biblioteklandskap i endring har rusta biblioteka i Hordaland for framtida. Samarbeid mellom bibliotek har konstituert og konsolidert bibliotekregionar i fylket. Biblioteka som er med, har fått felles identitet og ser stor nytte av samarbeidet. Det er etablert tette faglege nettverk og einingar som opererer heilskapleg mot eigarar og publikum. Dei felles nettstadene fungerer som plattformar for det samla bibliotektilbodet i regionane og gir auka høve for samarbeid om fleire tenester. Støtte på relativt små summar frå fylkeskommunen, har ført til permanente tiltak i biblioteka og «stunts» som har hatt stor publikumsappell.

Store forskjellar

Hordaland har 33 kommunar med folketal varierende frå 372 i Modalen til 272 000 i Bergen. Det er nokre relativt store kommunar i fylket, som utgjer naturlege regionale sentra. Folketalet i kommunane rundt Bergen veks fort, medan utkantane kjempar for å halde på innbyggjarane sine. Fylket er stort i areal og oppdelt av fjordar og fjell. Reiseavstanden til Bergen er lang for mange.

Hordaland ligg omtrent midt på treet på bibliotekstatistikken. Nokre kommunar utmerkar seg med høgt utlån og besøk, medan andre blir alarmerande lite brukt. 13 kommunar har ikkje fagutdanna biblioteksjef, men sjefar med t.d. bakgrunn som journalist, kulturfagleg utdanning eller utdanning innanfor litteratur og pedagogikk. Det er ikkje lett å vere innovativ og kreativ i eit bibliotek med berre ein eller to tilsette.

Det er ei utfordring for bibliotek i små kommunar med avgrensa ressursar å oppretthalde ein posisjon som relevante institusjonar for framtida. Fylkesbiblioteket har difor dei siste 10 åra prioritert arbeid med samarbeid mellom nabokommunar. Ved å arbeide saman i større nettverk, kan dei bibliotektilsette gje betre bibliotektenester, mellom anna gjennom å bidra med ulik kompetanse.

Biblioteklandskap i endring

Prosjektet *Biblioteklandskap i endring* starta i 2010 og fekk totalt 1,4 mill. i prosjektmidlar frå Nasjonalbiblioteket i perioden 2011-2013. Hovudmål var at fylkesbiblioteket i samarbeid med staten og kommunane, skal utvikle robuste og omstillingsdyktige bibliotek, som kan tilby alle innbyggjarane betre bibliotektenester.

Fundamentet for prosjektet var dei fem regionale biblioteksamarbeida. Fire av dei blei etablert utover 2000-talet, medan det femte blei etablert allereie i byrjinga av 90-talet. Samarbeidet mellom dei åtte biblioteka i Nordhordland har vore ein modell for heile landet.

Innhaldet i prosjektet har vore kompetanseheving, utvikling av modellar, infrastruktur og stimulering til kreativitet og nytenking. Den viktigaste strategien har vore å styrke samarbeidet mellom fylkesbiblioteket og dei fem regionale biblioteksamarbeida. Vi har systematisert og formalisert eit arbeid som har gått føre seg i fleire år, og tatt eit samla grep om utvikling, endring og innovasjon for biblioteka i Hordaland.

Prosjektet omfatta 30 av kommunane, dvs. at Voss, Os og Bergen ikkje var med i den opphavlege søknaden. Undervegs har Voss og Os blitt trekt med i ulik grad. Kompetansehevande tiltak har vore for alle.

Berekraftige og forpliktande biblioteksamarbeid

Hordaland fylkeskommune har inngått partnerskapsavtaler med dei fem biblioteksamarbeida; Sunnhordlandsbiblioteka, Nordhordlandsbiblioteka, Biblioteka i Vest, Hardangerbiblioteka, og biblioteka i Samnanger, Fusa og Vaksdal. Avtalane er mykje like i utforming, men er ulike på dei

punkta der det er tatt omsyn til lokale prioriteringar i samarbeidsavtalene mellom biblioteka, som i prosjektet har blitt politisk handsama i kommunane.

Partnerskapsavtalen definerer prioriteringar og forventingar mellom partnerane og er knytt til eit økonomisk tilskot frå prosjektet. Bruken av midlane har blitt dokument ved å levere inn enkle handlingsplanar og rekneskap til fylkesbiblioteket. Sjølv om beløpa ikkje er store, har løyvingane frå prosjektet både signalverdi og stimulerande effekt. Avtalen forpliktar partane til å halde dialogmøte kvart år. Gjennom desse føringane har prosjektet vore med på å styre utviklinga i samarbeida.

Profilering av biblioteka på Internett

Vi bestemte tidleg at vi ikkje ville utvikle ein felles nettstad eller portal for alle biblioteka i fylket, men at kvart samarbeid skulle ha sin eigen nettstad. Resultatet er at fire av samarbeida har felles nettstad, og at vi arbeider for ei løysing med ein felles mal som dei resterande biblioteka kan nytte.

Nettstadene samlar dei digitale ressursane i biblioteka sine tenestetilbod. Dei nyttast til kommunikasjon og profilering og er eit samlingspunkt for samarbeida.

Fylkesbiblioteket står for drift, opplæring og brukarstøtte. Nettstadene er utvikla i den frie programvaren Drupal. Det er lagt vekt på god integrasjon av katalogtenestene, gjenbruk og hausting av innhald, god tilgang og utforming. Nettstadene byggjer til ein viss grad på ein felles mal som igjen blir tilpassa til kvar region. Nettstadane som er under arbeid, blir utvikla i EasyWeb og Wordpress.

Parallelt med utviklinga av dei tekniske løysingane, har fylkesbiblioteket leia arbeidet med å etablere gode redaksjonar i samarbeidsregionane, som saman skapar innhald og nyttar dei samla ressursane dei har. Det har blitt gjennomførte stegvise endringar i design, struktur og innhald. Med høg kvalitet på den tekniske løysinga og på redaksjonsarbeidet er målet at brukarane skal få auka tilgjenge til det samla bibliotektilbodet i sitt distrikt.

Med dugleik for framtida

Ei av oppgåvene til fylkesbiblioteka er å syte for at biblioteka har kompetanse til å møte framtidige krav - at dei har dugleik for framtidas bibliotek.

Våren 2010 gjennomførte vi ei kartlegging av kompetanse og kompetansebehov blant alle bibliotektilsette i fylket. Resultatet av spørjeundersøkinga blitt nytta til ein målretta og prioritert strategi for kompetanseutvikling i folkebibliotek og skulebibliotek i Hordaland 2011-2015. Strategien blei politisk vedtatt og har fire satsingsområde: formidling, marknadsføring, digital kompetanse, og endringsleiing/ endringskompetanse. Prioriteringane er svar på ønska som kom fram i kartlegginga sett i lys av dei utfordringane biblioteka møter om endring og utvikling, og dei krava til kompetanse dette fører med seg.

I løpet av prosjektet er det arrangert ei rekke kurs og konferansar med ulike tema. Tiltak som fell under dei fire satsingsområda har blitt prioritert. Kursoversikta på nettstaden til fylkesbiblioteket fungerer som ein årleg handlingsplan for kompetansestrategien. Bibliotektilsette i fylket er vant til å hente inn informasjon om kurs og samlingar der. Kurs som har blitt streama og presentasjonar er tilgjengeleg på same stad.

Kompetanse for innovative bibliotek

For å skape ein kreativ og omstillingsdyktig biblioteksektor, treng bibliotektilsette ny kompetanse. Bibliotekleiarar treng mellom anna kompetanse på leiing, organisasjonsutvikling, å utvikle idear, setje idear ut i livet, og fullføre prosjekt.

I samarbeid med Institutt for økonomiske og administrative fag ved Høgskolen i Bergen, arrangerte vi studiet *Endringsleiing, innovasjons- og kunnskapsleiing*. Studiet gav 15 studiepoeng på bachelornivå, var gratis, og særskilt tilpassa for bibliotektilsette. Fokus var biblioteket som arena for kunnskapsproduksjon, kunnskapsformidling og møteplass, og på bibliotekaren som profesjonsutøvar og endringsagent.

Det var både overraskende og svært positivt at heile 17 av kommunane var representert blant dei 25 studentane som blei tatt opp. Alle dei fem biblioteksamarbeida var representert med minst ein deltakar på studiet. I januar 2013 fullførte 21 studentar eit omfattande studieopplegg med stort pensum og fire obligatoriske innleveringsoppgåver.

I følgje studentane var det kombinasjonen av det aktuelle fagfeltet og god tilrettelegging som var avgjerande for at dei tok til med studiet. Opplegget var slik at studentane kunne planlegge og gjennomføre endringsprosessar på arbeidsplassen sin. Dei reflekterte over problemstillingar i eigen verksemd, og oppgåvene var knytt til utvikling av eigen organisasjon.

Kompetanseløftet i endringsleiing, innovasjons- og kunnskapsleiing har ført til eit felles teoretisk fundament og språk i biblioteka i fylket. Det har skapt ei bevisstgjering, og ein kultur for endring, eksperimentering og leik. Dei bibliotektilsette er også rusta med verktøy for korleis endringsprosessar skal gjennomførast. Dette er grunnlag for initiativ til prosjekt og innovasjon, og det styrker nettverket innan og mellom biblioteksamarbeida.

Resultatet har vist seg m.a. i at Hordaland hadde flest søknader om prosjektmidlar frå Nasjonalbiblioteket i 2012 og 2014, og eit aukande tal søknader til fylkesbiblioteket sin pott til leik eller eksperimentering i form av små innovative prosjekt i biblioteka.

Leik: eit verktøy og ein teknikk for å oppnå kreative innovasjonsprosessar i biblioteka.

Dersom ein skal få til innovasjon i folkebiblioteka, må ein prioritere åtfærd og oppgåver som kan føre til utvikling. Leik er eit verktøy for dette, men tid, motivasjon og økonomisk armslag til å drive med leik er avgjerande faktorar for å få det til. Vi har invitert folkebiblioteka til leik gjennom to hovudfokus: leik er ein sinnstilstand, og leik i og med arbeid.

Vi har lyst ut midlar til leikprosjekt i to omgangar, og totalt 12 prosjekt i 14 kommunar har fått tilskot på frå 5000 kr til 20.000 kr. Prosjekta er småskalaprojekt, som har ein viss grad av nyskaping og eksperimentering. Nokre døme på prosjekt som fekk støtte er stand-up-formidling, sjakkturneringar, barselgrupper i leikent miljø, nettbrett-verksteder, open scene for barn og unge, og leik med digitale media. Eit av kriteria for tildeling var at prosjekta, som var utradisjonell i høve vanleg bibliotekdrift, skulle profilerast i lokal media. Slik skulle prosjekta å vere med på å endre folk sitt inntrykk av kva bibliotek er og skal vere.

Det største tilskotet har gått til Osterøy bibliotek og prosjektet *Kan Numerus Currens vere svaret?* Biblioteket ønskjer å gjere det lettare for brukarane å finne fram i biblioteket på eiga hand. Ei ny oppstilling av materialet skal frigjere tid for dei tilsette til rettleiing og arrangement. Det er eit radikalt grep, som mange er ueinig i, men som vil kunne gje erfaring om innovative måtar å drive bibliotek. Fylkesbiblioteket evaluerer prosjektet hausten 2014.

Budd for framtida

Prosjektet *Biblioteklandskap i endring* har gjort biblioteka i fylket betre rusta for framtida. Ved å arbeide i interkommunale samarbeid, står biblioteka sterkare, og har større bredde når det gjeld kompetanse. I fellesskap oppnår dei betre bibliotektenester. Felles nettstader har vore samlande og drivande i arbeidet. Auka kompetanse har gjort dei tilsette bevisste og endringsvillige, og rusta dei til å kunne gjennomføre endringar. Gjennom biblioteksamarbeid og i fellesskap med fylkesbiblioteket, går biblioteka i Hordaland inn i ei ny tid.

Faktaboks

Hardangerbiblioteka: Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik

<http://hardangerbiblioteka.no>

Sunnhordlandsbiblioteka: Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes

<http://www.Sunnbib.no>

Biblioteka i vest: Askøy, Fjell, Sund og Øygarden

<http://www.Biblioteka.igest.no>

Nordhordlandsbiblioteka: Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

<http://www.Mittnordhordland.no>